

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 3 | 2025 | 80. årgang



| JUL I KYRKJA | BISKOP PÅ BESØK | MUSIKAL | MISJON |

OPENT HJARTEROM

I mi tid på Kongshaug Musikkgymnas tidleg på 2000-talet arrangerte vi i blant elevkveldar med open mikrofon. Her var det fritt fram for å gå på scena og presentere ein eigenskrive sang, gjøgle fram ein sketsj eller framføre eit stykkje ein øvde på. Takhøgda var stor, og dunderande applaus var obligatorisk. Eg likte desse kveldane, og særleg tittelen: "Opent hjarterom".

I vintermånadane vi no er inne i, der mørkret og kulda mest kan krype inn under huda på oss, kan ein i blant hutre seg inn i sine eigne rom og stenge andre enn seg sjølv og sine næraste ute. Samstundes går vi no inn i ei adventstid der våre rom - kyrkjeromma - er opne for både unge og vaksne til gudstenester, konsertar og fellesskap nesten kvar dag - berre sjå oversikta på side 7! Vi håper at du som finn vegen til kyrkjerommet denne høgtida, finn eit rom som rommer den du er og det du har med deg - og som opnar hjarterommet for fellesskapet og medmenneska. Det treng vi, både til jul og i det nye året.

I denne utgåva av kyrkjebladet kan du mellom anna lesa om arbeidet som pågår på Nore Neset kyrkjegard, du blir betre kjent med dei flotte misjonsprosjekta våre, og biskop Ragnhild, som vitja Bjørnafjorden i november, har skrive eit julekort til deg på neste side.

Eg kan halde fram med å mimre attende til Kongshaug når musikkgymnaset tradisjonen tru inntek Os kyrkje for magiske julekonsertar laurdag 13. desember. Og jammen arrangerer dei ikkje "Opent Hjarterom" der ute framleis.

God lesnad!



Sigurd Rotvik Tunestveit
Dagleg leiar, Os sokn
st575@kyrkja.no

JULEKORT

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus". Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med overtøydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleden:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft.

Romarbrevet 15, 12-13

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus! For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håpløst, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

Kjære Jesus, det er du som skal kome. Av den tørraste kvist skal von springe fram. Av det som ingen rekna for noko, skal liv bryte fram. Vi gler oss til du kjem. Vi treng at du kjem. Amen.



Ragnhild Jepsen
Biskop i Bjørgvin
bjoergvin.biskop@kirken.no



| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

Redaksjon
Sigurd Rotvik Tunestveit | st575@kyrkja.no
Ine Sofie Moen | im763@kyrkja.no
Roar Hallesby Evjedal | re674@kyrkja.no

Abonnement
Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 23484
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 350/år)

Opningstid kontor
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no



Forsida
25-årsjubilanten Nore Neset kyrkje ein rimkald novembarmorgon.
Foto. Sigurd Rotvik Tunestveit

Trykk
ETN grafisk | Opplag 9363

Nettside
kyrkja.no/os-vestland

Vår grøne kyrkjelyd



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Folksomt både på scena og i benkane då Lise Renee Aase med venner hadde konsert i "Musikk i kyrkja"-serien i oktober. (Foto: Sigurd R. Tunestveit)al

Kva kallast denne aktiviteten? Frisbee? Sen-deplate? Skjenedrett? Rett svar: Uteleik med KRIK-konfirantar! (Foto: Roar H. Evjedal)



Fint å runde av Joinus-onsda-gane med lystenning i Storsalen. (Foto: Roar H. Evjedal)



Ungdomsleiar Harald og bandveteran Benjamin ynskjer velkommen til klubbkveld i Tunet (Foto: Josephine Nytræ)



Teambuilding - bokstaveleg tala? - på konf-samling i Os kyrkje. (Foto: Roar H. Evjedal)



Stemningsfull kveld i kyrkja med ranglegud-steneste og soveposekonsert for 6.klassin-gane under "lys Vaken" i november. (Foto: Roar H. Evjedal / Tone Hagevik)



Tente lys òg rundt alterringen under minnegudsteneste på Allehelgensdag søndag 2. november (Foto: Roar H. Evjedal)



Glade gutar med pizza og brus innabords på tweens-tilbodet "Aldri Åleine" i Tunet. (Foto: Sigurd R. Tunestveit)





Frå visitasgudstenesta i Os kyrkje 23.11. Bak f.v.: Fung, kyrkjeverje Sigurd R. Tunestveit, prostiprest Svante Havåg, kapellan Jostein Enger, sokneprest Roar H. Evjedal, kateket Gro Helen B. Skjælaaen. Foran f.v.: kyrkjelydsmedarbeidar Gry Jeanette Mjelde, diakon Ingrid Vik, sokneprest Anette-Emilie Gangstø, biskop Ragnhild Jepsen, prost Kristin S. Littlere, soknerådsleiar i Fusa Sigbjørn Sundfjord og soknerådsleiar i Os Tone S. Hagevik. (Foto: Jens Z. Meyer)

BISPEVISITAS i Bjørnafjorden

Biskop Ragnhild Jepsen var på rundreise i kyrkjelydane i Fusa og Os tre intense dagar i november. Søndag 23. november vart visitasen avslutta med felles høgmesse for begge kyrkjelydane i Os kyrkje.



Det vart ei flott og spesiell gudsteneste, der flott musikk ramma inn messeledda. Biskopen preikte over evangelieteksten denne søndagen, frå Johannes 9,39-41. Det var òg bidrag frå alle preshtar og vigsla medarbeidarar (diakon og kateket) som arbeider i Bjørnafjorden i tillegg til medlemmar frå sokneråd og fellesråd, og musikk frå gjen-gen i KOREdu.

Etter gudstenesta hald biskopen sitt vi-siitasforedrag, og trekte der fram dei ulike inntrykka ho hadde fått desse dagane i kommunen. Ho lyfte fram at kyrkja her er framoverlent, og at vi både er berar av viktige tradisjonar og lyt tenke nytt i møte med nye utfordringar. Kanskje kan vi i endå større grad læra av og late oss inspirere av kvarandre over fjorden? Vidare minte ho oss på at vi midt i alt arbeidet må halde fokuset på Jesus, han som er "tuntreet på Tunet". Fyrst då kan greinane veksa og nå ut til alle, i tråd med visjonen for kyrkjelyden vår; "Nær Kristus, nær kvarandre, nær kvardagen".

Takk for besøket, Ragnhild!

Tekst: Sigurd R. Tunestveit



Velfyllt forsamlingssal i Fusa kyrkje då stab og sokneråd frå Fusa og Os møtte biskopen under visitas i november. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)

Biskop Ragnhild gav ei grundig oppsummering og inspirerte til vidare arbeid i visitasforedraget. (Foto: SRT)



KOREdu bidrog med to flotte sangar i visitasgudstenesta. (Foto: SRT)

Biskop gav ros til 10. trinns-elevane på Os for gode spørsmål og refleksjonar då ho vitja ungdomsskolen under visitasdagane. (Foto: Roar. H. Evjedal)



Ordførar Terje Søviknes takka under kyrkjeaffi i Tunet for godt møte mellom biskopen og kommuneleinga. Han lyfta fram at godt samarbeid mellom kommune og kyrkje blir viktig for å bygge identitet, møte utfordringar og skape gode liv for alle i tida framover. (Foto: SRT)

ADVENT OG JUL I OS KYRKJELYD

Adventstida er full av gjeremål for mange. I kyrkjene våre inviterast du inn i eit frirom der du kan finne ro og reflektere over ventetida.

OS KYRKJE

SØNDAG 30. NOVEMBER

KL. 18.00 ADVENTSKONSERT med Nornekoret med band og gjester

SØNDAG 7. DESEMBER

KL. 11.00 GUDSTENESTE

KL. 17.00 JULEKONSERT med Os Musikkforening

ØNSDAG 10. DESEMBER

KL. 19.00 LYSMESSE med årets konfirmanter og Joinus

LAURDAG 13. DESEMBER

KL. 16.00 JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymsnas

KL. 19.00 JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymsnas
Billetter på hoopla.no

SØNDAG 14. DESEMBER

KL. 11.00 GUDSTENESTE

TORSDAG 18. DESEMBER

KL. 19.30 SOLIDARITETSKONSERT i lag med Bjørnafjorden Kulturutvikling og Galleri Solbakkestova. Inntekt til NRC (Norwegian Refugee Council / Flyktningehjelpen)

SØNDAG 21. DESEMBER

KL. 18.15 NINE LESSONS AND CAROLS, tekstar og songar

JULAFTAN

KL. 13.30 JULEGUDSTENESTE

KL. 15.00 JULEGUDSTENESTE

KL. 16.30 JULEGUDSTENESTE

1. JULEDAG

KL. 12.00 HØGTIDSGUDSTENESTE med song og musikk av Os mannskor og musikarar frå Os Musikkforening

NYTTÅRSAFTAN

KL. 16.00 GUDSTENESTE

LURANETUNET

JULAFTAN

KL. 11.00 JULEGUDSTENESTE

Detaljar og evt. billetter finn du på nett.
Velkommen - du vil ikkje angre!

NORE NESET KYRKJE

SØNDAG 30. NOVEMBER

KL. 11.00 JUBILEUMSGUDSTENESTE Nore Neset 25 år
KL. 18.00 FØRJULSKONSERT med Søre Neset og Søfteland musikklag

TORSDAG 4. DESEMBER

KL. 10.00 JULEBABYSONG

SØNDAG 7. DESEMBER

KL. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE
KL. 19.00 JULEKONSERT med Os mannskor og Kongshaug-elevar

TYS DAG 9. DESEMBER

KL. 11.30 SENIORTREFF med god lunsj og godt lag

SØNDAG 14. DESEMBER

KL. 20.00 HØGTLESING frå Bibelen

JULAFTAN

KL. 14.30 JULEGUDSTENESTE

KL. 16.00 JULEGUDSTENESTE

SØNDAG 28. DESEMBER

KL. 11.00 GUDSTENESTE

LAURDAG 3. JANUAR

KL. 16.30 JULEFEST for heile familien!

TUNET

SØNDAG 30. NOVEMBER

KL. 17.00 SØNDAGSSAMLING I ADVENT - særleg tilrettelagt for menneske med psykisk utviklingshemming. Alle velkomne!

TORSDAG 4. DESEMBER

KL. 11.30 SENIOR-KOINONIA m/Harald Salbu: "Edens Hage" i Nairobi
Song av Grethe-Inger Berge
KL. 17.00 SPRÅKKAFFÉ

FREDAG 5. DESEMBER

KL. 19.30 KLUBBEN I UNGDOMSTUNET, møteplass for 8.trinn til VG3

TYS DAG 9. DESEMBER

KL. 19.00 ADVENTSMØTE i NMS Fellesforening

FREDAG 12. DESEMBER

KL. 19.30 KLUBBEN I UNGDOMSTUNET

FREDAG 19. DESEMBER

KL. 18.00 JULEGALLA i UNGDOMSTUNET, påmelding innan 12. des

MÅNDAG 29. DESEMBER

KL. 19.00 NYTTÅRSJAZZ med Helge Haukås m/trio i Storsalen



Dreg du kjensel på den hemmelege "Gjesten i natta" som fortalde historier på samling i Eldstova?

LYS VAKEN

Endeleg kunne vi invitere til Lys Vaken att. Og for ei oppleving dette blei! På ettermiddagen laurdag 1. november opna vi kyrkjedørene for 85 (!) 6.klassingar. Det blei ein fantastisk ettermiddag og kveld, med mykje på programmet. Vi leika saman, eksperimenterte med lys, hadde glowstick-konkurranse, fekk kveldsbesøk av ein "gjest i natten" og song "eit barn er fødd i Betlehem" med mariekjeks i munnen. Vi åt 30 store pizza og fekk ein velfortent kvil, med film og godteri. Vi undersøkte kyrkjerommet, og hadde ranglegudsteneste i ei sparsamt opplyst og stemningsfull kyrkje. Soveposane vart rulla ut i alle kyrkjebenkane, og nesten kvar kyrkjebenk blei dekket. Ei spesiell oppleving var det då kantor Irina hadde ein vakker konsert for oss medan nokon born kvilte seg, og andre kviskra med kvarandre.

Etterpå blei isbaren, som vart laga særskild for denne gjenopninga av Lys Vaken, opna i Tunet. Borna kunne kose seg med mengder av is, strøssel og tilbehør. Bingomusikk gjekk over høgtalarane i Storsalen, og det var duka for bingokveld som det siste innslaget på kvelden.

Takk til alle 6.klassingar som kom! Vi håper du hadde ein fin kveld med oss, det var SÅ kjekt å ha deg med! Og til dei som no går i 5.klasse, er det berre å begynne å glede seg til neste år...



Tekst: Kristine Fjeld
Bilete: Tone Hagevik og Roar H. Evjedal

Ut om kvelden for å løyse oppgåver i "refleksløypa" på Kyrkjeflaten.

Liv og røre frå start då 85 sjetteklassingar skulle ristast saman med lek i Storsalen!



Alea Hagevik og Emma Sol Børve gav terningkast 6 til isbaren i Tunet!



DÅPSHELSING OG SAMLING FOR 2-ÅRINGAR

Dei som er døypte i Os eller Nore Neset og som fylte 2 år i 2025 kan gle seg til ei dåpshelsing frå kyrkjelyden, nemleg boka "Lille Sau går seg vill" (Kjenner du fleire toåringar som vil ha i Os, gje oss ein lyd!). I tillegg får dei invitasjon til å bli med på samling 22.januar. Vi lagar ei fin stund med saft og pølser, og litt fokus på den fine dåpshelsing-boka. Deretter blir store og små invitert med vidare inn i ShubaDubs-øvinga!

SHUBADUBS

ShubaDubs er familiekoret som passar for born i 2,5 til 6 år. Vi startar med song kl 17.30 og et kveldsmat kl 18.00. Torsdagar i partallsveker er ShubaDubs-kveld! Kom, kom!

Meir info og påmelding finn du her:



BABYSONG

Babysong er ein god start på livet! Babysongen styrkjer utviklinga til barnet, og legg til rette for sterke band mellom barn og forelder i opne og inkluderande fellesskap. Kom og lær songar og rørsler, del lunsj og bli kjend!

Babysong har to grupper; ei i Tunet på tysdagar og ei i Nore Neset kyrkje på torsdagar. Ta med nistepakke, vi serverar kaffi og te. Hugs påmelding!

Meir info og påmelding finn du her:



KOReDu

KOReDu er eit barne- og tweenskor for 1.-7.-klassingar. På øvingane er det oppvarming, litt lek, øving på songar og avslutning med kveldsmat.

Vi har øving i Tunet. 1.-4.trinn øver annan kvar torsdag kl. 17.30-19.00, medan 5.-7. trinn (tweens) øver kvar torsdag frå kl. 17.30-19.30.

Meir info og påmelding finn du her:



KOReDu SET OPP MUSIKAL!

KOReDu set opp musikalen "Stå Opp" denne våren. Det blir dans, drama og mykje god musikk og energi!

Er du i alderen 7-13 år, er du hjarteleg velkommen til å bli med på vårens store musikalprosjekt. Det blir ei eiga øvingshelg med overnatting for alle i koret.

Den store merkedagen å sette av er 25. April kl 18!

Vi er på skattejakt!

Vi samlar nemleg på gode skattar som ynskjer å vere med i barne- og familiearbeidet vårt! Og kanskje er det DU som er skatten vi leitar etter?

Vi treng fleire hender i det viktige arbeidet vi driv! Hender som til dømes kan utføre praktiske oppgåver, delta på aktivitetane våre, køyre ut dåpshelsingar, be for arbeidet, lage mat, formidle tru og tenke tankar om kva vi i kyrkja skal tilby for barn og unge. Har du berre litt tid å gje, kan det bety utruleg mykje!

Det kjekkaste med denne skattejakta er: Kanskje kjem du med ein skatt som vi ikkje kom på å spørje om! Det å bygge eit kristent barne- og familiearbeid i lag, det gjer vi med dei ressursane og dei menneska vi har. Kom med din kvardagsskatt og det du har LYST til å bidra med. Håpar du tek kontakt med oss!



Sylvi Lundgren
Kyrkjelydsmedarbeidar
sl828@kyrkja.no



Kristine Fjeld
Kyrkjelydsmedarbeidar
kf253@kyrkja.no

- Tru og glede i godt felleskap!

I vår kyrkjelyd har vi eit aktivt og mangfaldig ungdomsarbeid som samlar unge menneske til fellesskap, aktivitet og refleksjon. Her er ei oversikt over det som skjer i Ungdomstunet!



JoinUs – musikkglede i lag!

Kvar onsdag er det øving med Ten Sing-koret JoinUs. Her får ein utvikle seg musikalsk og kreativt på eigne premiss, samtidig som vi byggjer fellesskap og jobbar mot konsertar og framføringar gjennom året. Koret er eit inkluderande miljø med dyktige leiarar, der alle kan vere med anten på sang, musikk, dans, drama eller teknikk.

KRIK Os – aktivitet og fellesskap

Fredagar kl. 18:00–19:30 er det KRIK Os, ein aktiv gjeng med fokus på leik og idrettsglede, i hallen på Os Aktiv. Er du glad i å prøve ulike sportar og spel, og vera i fysisk aktivitet i lag med andre? Då er det plass til deg, uansett dugleiksnivå!

Pizza & Bibel – tru og samtale

Ein søndag i månaden samlar ein god gruppe ungdommer til konseptet Pizza & Bibel. Namnet er kanskje sjølvforklarande? Samlinga startar i alle fall med felles måltid, før gruppa delast i to aldersgrupper: 13–15 år og 15+. Dette er ein arena der ungdom har høve til å stille spørsmål, reflektere i lag kring dei store og små spørsmåla, om tru, Bibelen og livet. Det er rom for undring og ærlege samtalar i et trygt og lyttande fellesskap. Velkommen til ei spennande samtale!

MiLK – MiniLederKurs

MiLK er eit leiartreningsprogram for ungdom som har vore gjennom konfirmasjonsåret. Her får ein byggje vidare med opplæring og trening i å vera leiar for andre, både i kyrkjelyden og elles. Gjennom MiLK utviklast identitet, eigenskapar og verkty som ungdommane vil ha nytte av langt inn i vaksenlivet. Ikkje minst får dei vera med å forme ungdomsarbeidet vårt og inspirere dei yngre ungdommane.

ULF – UngdomsLeiarForum

ULF er ei eiga husgruppe for dei unge leiarspirene i kyrkjelyden. Ein søndag i månaden er det samling heime hjå sokneprest (og ungdomspappa) Roar og (ungdomsmamma) Ingvild til samver og samtale, middag (og dessert!). Dette er eit rom for påfyll, inspirasjon og vidare utvikling i leirolla.

KLUBBEN ↑

Klubben opna i september og er ein open møteplass i Tunet ein til to fredagar i månaden. Klubben har base i Ungdomsrommet i Tunet, og her vil det vera underhaldning, aktivitetar, musikk, mat, andakt og kva enn ungdommane steller i stand. Fyrst og fremst eit trygt og inkluderande fellesskap! Les meir om Klubben på neste side!

JULEGALLA!

Årets høgdepunkt går av stabelen **fredag 19. desember!** Alle ungdommar i Os er invitert, og vi gjer klart til fulldekket festbord for opptil 120 gjester. Her blir det staseleg pynta og pinnekjøtt på menyen, fotovegg, underhaldning, musikalske innslag, ei lita gåve til alle, og dansegolv! Vi gler oss enormt til å sjå ein svær gjeng samla rundt langbord i Storsalen! Sprei ordet til alle unge - og be dei melde seg på før 12. desember!

SPOND

Vi brukar Spond for den interne kommunikasjonen til arrangementa våre. Meld deg inn i Spond-gruppa vår med koden **RRPQX!**



NETTSIDE

Vi bruker **Ungdomstunet.no** for å fortelje om arrangementa våre. Her finn du oppdatert kalender for det som skjer framover. For dei som ikkje har kome seg inn i Spond-gruppa er det òg mogleg å melda seg på arrangementa våre her.

Tekst: Harald Skoglund Dahler



Førre utgåve av kyrkjebladet fortalde om oppussing av ungdomsrommet og Klubben. Det er gledeleg å fortelle at Klubben no er oppe og går, og at tilbodet er populært blant ungdommar i Os. Klubben har blitt en open hengeplass med kiosk, bordtennisbord, hobbyverkstad, spillmaskinar, musikk, god mat, lystenning og ord, og fellesskap.

SPENNANDE TIDER FOR

Opningsfest

Opningsfesten var eit solid startskot for det nye tilbodet, og artisten Teo slo godt an blant ungdommane. Fana Sparebank hadde ein samlande leik frå scena, i tillegg til at dei gav 60 000 kroner til arrangementet og innkjøp av ein arkadespelmaskin. Vi bestilte rekordmange pizza frå Capri, til stor glede for pommepizza-entusiastane. Om lag 110 ungdommar tok turen på opningsfesten, og utover hausten mellom 80 og 100 kome innom Tunet på klubbfredag. Det er ekstra gledeleg at mange kjem att gong etter gong. Ungdomsrommet i 2. etasje er òg ope under JoinUs på onsdagar, og det er kjekt å sjå at mange òg tek turen då.

Klubbens gang

Programmet på klubbkveldane er ofte ganske ope. Skulekvarden tærer på for mange ungdommar, og det ser ut til at det er godt å få lov til å lande i sofaen hjå oss fredags kveld. Sofaer og spelbord, kiosk, bordtennis, hobbyverkstad, spillmaskinar, musikk, god mat, lystenning og Ord til ettertanke. Spontan karaoke og allsang med kanskje litt vulgær dans er visstnok ein slager. Musikk er framleis viktig for den nye generasjonen, sjølv om det let og ser annleis ut enn for femti år sidan. Utpå kvelden har eit måltid mat, som pizza og enchiladas, slått godt an. Heilt på tampen er det Ord til ettertanke som tyder lystenning, ein kort andakt og eit par allsanger. Enkelt og fint. Godt å falle til ro etter ein kveld med, for nokon, mange inntrykk.

Klubbteam og klubbhjelparar

Ti ungdommar har gått i bresjen for å utforme Klubben. Det kunne ikkje vore betre! Vi utvider no og tilbyr alle ungdommar eit høve til å ta del i teamet. Klubbteamet vil vidare vera gruppeleiarar for klubbhjelparar som kan bli anten kokk, ryddehelt, influenser, musikal, gledesspreier eller kioskbetent. Nokon som allereie har vist stort initiativ og ser på Klubben som "sin stad",

Idun fann discokula vår hjå dama som har alt;
Lill-Karin på NLM Gjenbruksbutikken!



vil òg bli ein del av Klubbteamet. Til våren vil vi styrke gjengen med kræsj-kurs i ungdomsleiing, og blåtur som ein slags teambuilding. Klubben er open 1-2 ganger i månaden, og vi er òg i gang med å etablere eit vekefast etter skuletid-tilbod med leksetid, film og hobby – nok ein stad å "berre" vere i lag.

Relasjonar i og utenfor Tunet

Relasjonsbygging er viktig i arbeidet vårt. Det er heilt sentralt for ungdomsarbeidet at alle som kjem opplever tryggleik, gjensidig tillit og respekt. Det samme gjeld for frivillige vakter og foreldre. På fredagskveldane stiller vaksne opp til leiarmøte, får tildelt fokusområde, passer på at alle har det bra, lagar fantastisk mat, og hjelper til med rydding. Det viktigaste forebyggjande tiltaket vårt for uønska hendingar er å verkeleg vera til stades. Difor er vi djupt takksame for alle vaksne som stiller opp. Ein annan viktig relasjon er til samarbeidsaktørar utanfor kyrkja. Utekontakten, Natteravnane og Ungdomsteamet gjer ein utruleg god og viktig jobb for ungdomsmiljøet i Os, og det kjennast godt å ha dei i ryggen. Saman skapar vi gode rammer! I tillegg må vi nemne rause sponsorgåver frå Fana Sparebank, Y's men og Stiftelsen Steindalen, og Lille Ballong som ofte stiller med spillmaskinar og aktivitetar i Tunet. Tusen takk! En stor takk òg til alle vaksne, foreldre og ungdomsleiarar som på ulike måtar støttar oss i Ungdomstunet. Engasjementet i Os er sterkt, og det er eit privilegium å få bidra til at ungdommar får ein stad å vere og nokon å vere i lag med, og slik få lov til å så nokre frø om deira ukrenkelige verdi.

Tekst: Idun Fjeld

Foto: Josephine Nytræ / Sigurd Rotvick Tunestveit

Lyst til å hjelpe til på
julegalla 19. desember?
Være vakt på Klubben?

Ungdom som vil bli klubbhjelper?

Ta kontakt med oss!
Mykje nyttig informasjon
finn du òg på:

@UNGDOMSTUNET



Harald Skoglund Dahler
Ungdomsleiar
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no



Idun Fjeld
Ungdomsarbeidar
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

MISJONSPROSJEKT OG VENSKAPSKYRKJELYDAR

To til tre gonger i semesteret står det på kunngjeringslappen som blir delt ut på gudstenestene at dagens offer går til misjonsprosjektet. Men kva er dette misjonsprosjektet? Ein gong i semesteret samlar vi og inn pengar til noko som heiter "Garden of Eden Kenya". Kva er no det for noko? Er du nysgjerrig på Os kyrkjelyd sine internasjonale relasjonar kjem det ein nyttig guide her.

St. Thomas kyrkje i Saku, januar 2023. Kyrkja vart vigsla 21. desember 2020.



Maria Magdalena kyrkje i Mustamäe, januar 2023. Kyrkja var då framleis eit skal. Kyrkja vart vigsla 2. juni 2024.



ESTLAND

Relasjonen mellom Os og Estland går meir enn 30 år tilbake. Ganske raskt etter at Estland vart sjølvstendig frå Sovjetunionen i 1991 var representantar for Y's Men foreiningane i Tallinn og Os på besøk hjå kvarandre. Frå Os si side var Leif Fjellvang, Eirik Norheim og Leif Hobbeldstad sentrale. Gjengen frå Tallinn fekk mellom anna med seg KFUK-KFUM sin haustfestival i Os. Dei vart veldig oppglødde av det dei opplevde der, og året etter drog tre "eittåringar" frå Os til Tallinn for å starta Ten sing. Eitåringsprogrammet varte nokre år utover 90-talet, og Join Us hadde årlege bussturar til Estland enda lengre.

I 2003 starta Det Norske Misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i Estland opp då Bård Eirik Hallesby Norheim og Kjersti Gautestad Norheim reiste til Estland som misjonærar. Frå då blei NMS sitt arbeid i Estland eit prosjekt Os kyrkjelyd støtta spesielt, og som er blitt ein av to misjonsavtalar kyrkjelyden har med NMS. Dei siste åra har det vore særleg fokus på kyrkjelydsplanting og kyrkjebygging i Mustamäe, ein bydel i Tallinn som blei bygd i Sovjettida, og tettstaden Saku utanfor Tallinn. No har begge desse stadene eit operativt kyrkjebygg, og levande kyrkjelydsarbeid.

NMS-misjonær Magne Mølster som har vore kyrkjelydsprest i Saku i byggingstida er no i gang med å starte anna arbeid der det er fokus på å utvikla unge leiarar i den lutherske kyrkja i Estland, og å undervisa på det teologiske instituttet i Tallinn. Estland blir framstilt som eit av dei mest sekulære landa i verda, men under overflata er erfaringa at mange estarar er meir spirituelle enn ein skulle tru. Derimot er estarane skeptiske til organisert religion, som kyrkja jo er. Å utrusta nye leiarar i det klimaet er viktig for kyrkjas framtid.

KENYA

Det kenyanske ekteparet Thomas og Beatrice Omolo har heilt sidan 1991 drive arbeid blant fattige i Kenya. Etter kvart blei foreldreause barn i Kibera-slummen i Nairobi hovudfokus deira. Dei har lang fartstid i misjonsorganisasjonen Youth With A Mission, i Noreg kjend som Ungdom i Oppdrag. I 2008 stifta dei sin eigen organisasjon, Garden Of Eden Kenya. Same året blei den norske støtteorganisasjonen Garden Of Eden Kenya – Support etablert i Noreg.

Visjonen deira er å skapa håp om et liv utan fattigdom for fattige og foreldreause barn i den store Kibera-slummen i Kenyas hovudstad Nairobi, og å gje dei evangeliet om ein Gud som bryr seg, ved sjølv å vere Guds hender på jorda. Garden of Eden driv ei kyrkje, ein skule og ein barneheim.

Garden of Eden er forteljingar om håp.

Det nyttar! For det blomstrar på barneheimen nokre mil utanfor Nairobi. Ikkje berre på frukttrær og i grønsakshagen, men i kvar ein kropp og i kvart hjarte som får godt stell, god, næringsrik mat, kjærleik og oppmuntring og høve til å øve seg på ansvar og praktiske evner. Det er glade ansikt, lek og alvor her ute. Og mykje boltreplass. Her er det trygge vaksne og ein god veksestad for borna som kjem rett frå kummerlege tilhøve i Kibera-slummen, med alt det inneber.

No i haust kom elleve spente born for å bli med i Garden of Eden Kenya familien. Her får dei stabilitet, fysisk og emosjonell næring og høve til å bli forma og trygge i å vere seg sjølve. Dei har fått fine skuleuniformer, skulesekkar og nye sko - no skal dei få gå på skule berre eit steinkast unna på den lokale skulen. Dei drøymr om å bli lærarar og doktorar, elektrikar og kokk.

Og no kan dei lukkast! For vi har sett det! Fleire av borna som har budd her nokre år er no på college eller universitet no i haust. Utan utdanning bleiknar håpet om å kunne forsørge seg sjølv eller familien sin.

Saviour King's Academy, Garden of Eden sin skule i Kibera-slummen i Nairobi. (Foto: Garden of Eden Kenya)



Pauline kom til barneheimen som lita jente, og i dag er ho ein trygg og glad 19-åring som er klar til å følge draumen sin om å bli lærar!

Chrispine var 3 år då han kom til barneheimen, og var svært underernært. Han er komen inn og har starta på bioingeniørstudiet.

Victor, mora hans døydde og faren forlet han og syskena. Han er blitt musikkskulelærar og leier også lovsongen i kyrkja.

Så er det **Cosmas** som er ferdig utdanna kokk og har fått arbeid på eit hotell i Nairobi.


Skulen vår i slummen, Saviour King's Academy, med mellom 600-700 elevar frå førskule t.o.m. ungdomsskule, er i haust blitt flott oppgradert med måling innvendig og utvendig, nytt golv og nye vegg. Elevane får framleis varm lunsj og får god undervisning av dedikerte og kompetente lærarar.

Dette er fantastiske fortellingar om håp, om det som skjer når vi løftar i flokk og står saman om å skape ei ny framtid for dei som ikkje trur at det går an.

ENGLAND

Den andre misjonsavtalen Os kyrkjelyd har med NMS handlar om arbeidet NMS støttar i England. Som for Estlands del er det og ei historie mellom Os og England, om ikkje like lang. NMS starta arbeid i England midt på 2000-talet. I 2008 blei ei samarbeidsavtale laga mellom NMS og Carlisle bispedøme, nord i England med fokus på å starte ungdomsarbeid i bispedømet.

Carlisle bispedøme sine grenser fell saman med grensene til fylket Cumbria. Den engelske kyrkja hadde kontakt med færre enn 200 ungdomar i veka i heile bispedømet. Til samanlikning har vi i Os kyrkjelyd 179 konfirantar i 2025/26 og om lag 90 ungdomar er innom Klubben på fredagskveldane. Tanken var å starta ungdomsyrkjelydar i kvart prosti i bispedømet. I 2009 reiste Ingvild og Roar Hallesby Evjedal som misjonærar frå NMS til byen Barrow-in-Furness sør i bispedømet. Os kyrkjelyd var sjølv sagt som ein av sendekyrkjelydane.



Ungdomspastor Andy Ward har andakt på etter skuletid drop-in i Abbey Road Baptist Church i Barrow-in-Furness, oktober 2024.

St. Paul's Church i Barrow-in-Furness, ei av kyrkjene Barrow Network Youth Church jobba frå i starten.



I Barrow starta Ingvild og Roar den første ungdomsyrkjelyden, som i dag kallast Network youth Church, NYC, nettverksyrkje for ungdom. Etter at Ingvild og Roar kom heim frå England i 2013, og busette seg i Os heldt relasjonen til England fram med misjonsavtale og regelmessige reiser for ungdom frå Os til Barrow. Os kyrkjelyd støttar arbeidet med NYC i Carlisle bispedøme, der alle prosti no har ei nettverksyrkje for ungdom. Særleg har vi eit hjarte for nettverksyrkja i Barrow. Ungdomspastoren som overtok for Ingvild og Roar, Andy Ward har dei siste åra tatt presteutdanning, og har i 2025 starta som curate, ein slags prest under utdanning i ein annan by i Bispedømet. Tanken til Andy har vore å halda fram i Barrow som ungdomsprest der han og kan gje ungdomane i Barrow NYC forvaltning av sakramenta i den samanhengen dei føler seg heime i Guds kyrkje, som ikkje nødvendigvis er i dei etablerte kyrkjelydane i byen.

Tekst og bilete: Roar H. Evjedal / Garden of Eden Kenya

EIT BARN ER FØDD



Tekst: Åsne Gullikstad
Foto: Håvard Bjelland

**SLIK GJEV DU DEN
VIKTIGASTE
JULEGÅVA I ÅR:**

**Vipps ei valfritt
beløp til 2426**

**Send GAVE på
SMS til 2426 for å
gje 300 kroner**

**Gåvekonto:
1594.22.87248**

Fødselen til Paskalina kunne ha gått veldig gale. Ho overlevde takka vere behandlinga ho fekk på Haydom-sjukehuset i Tanzania.

– No har eg det bra, og babyen min har det bra, seier Paskalina Qawock (35). Ho ser ned på barnet i armkroken. For berre nokre timar sidan fødde ho sitt sjette barn, ei lita jente som har fått namnet Angelina. Då fødselen starta var ho heime, om lag ti kilometer frå sjukehuset vi er på – Haydom Lutheran Hospital i Manyara-regionen i Tanzania. Alt gjekk fint – heilt til rett etter fødselen. – Ein ropar: «Haste!» Då byrja Paskalina å blø kraftig, ein såkalla postpartum-bløding. På verdsbasis er dette ei av dei viktigaste årsakene til at kvinner dør i samband med fødsel, særleg i fattige land. Heldigvis for Paskalina var ho på Haydom-sjukehuset, eit sjukehus som vart oppretta av norske misjonærer i 1955, og som Kirkens Nødhjelp har støtta i mange år. – Når ei kvinne byrjar å blø kraftig etter at morkaka er ute, hastar det veldig, fortel jordmor Sabina Mmao, som er saman med Paskalina i dag.

Reddar liv

Dei tilsette på Haydom veit kva dei skal gjere når det oppstår ein kritisk situasjon. Det er eit resultat av eit forskingsprogram som Haydom-sjukehuset står i spissen for. Det har gitt resultat som har vekt internasjonal merksemd: I løpet av tre år er dødsfall blant fødande kvinner redusert med 75 prosent og nyfødt-død med 40 prosent ved dei 30 fødestadene i fem regionar der programmet vart innført. Det såkalla Safer Births Bundle of Care-programmet er eit samarbeid mellom Haydom-sjukehuset, norske forskarar, Norad, norske Lærdal Global Health og tanzanianske styresmakter. Kirkens Nødhjelp har sidan 2015 hatt hovudansvaret for å følgje opp den norske pengestøtta til sjukehuset.

Millionar dør

Kvart år dør rundt 300 000 kvinner globalt i samband med svangerskap og fødsel. 2,3 millionar nyfødde dør i løpet av den første levemånaden, ifølgje UNICEF. Programmet Safer Births Bundle of Care (SBBC) har i fleire område i Tanzania klart å sikre betre behandling for dei viktigaste årsakene til dødsfall blant nyfødde og fødande. Suksessen handlar om ein kombinasjon av fleire element i behandlinga, slik at det blir ei pakke med tiltak. Nokon har mellom anna utvikla gode tekniske apparat, og helsearbeidarane øver svært ofte på realistiske scenario som kan oppstå.

Heldig

Det er framleis under eit døgn sidan Paskalina fødde. Alt er roleg no, og sjølv om ho er sliten, er forma god. – Ho er veldig heldig som fødde her, seier jordmor Sabina Mmao. Allereie same ettermiddag blir ho utskriven frå sjukehuset. Svigermor skal bli med henne heim. Med eit breitt smil rundt munnen og med dottera i armkroken kryp Paskalina inn i baksetet på nokon trehjuls motorsykkel, på same måte som ho kom hit før fødselen. Både i Tanzania og i Noreg nærmar vi oss julefeiringa – ei tid der vi minnest natta då Jesusbarnet vart fødd. Akkurat som nyfødde Angelina, kom også Jesus til verda under utrygge forhold, der både mor og barn var sårbare. I ei høgtid der mange samlast rundt god mat og gåver, minner juleevangeliet oss om julas eigentlege kjerne: Gud kom til oss for å vise korleis vi kan vere hans hender og føter i verda. Han kom for at vi skulle få sjå nestekjærleik – ikkje berre i ord, men i handling. Kirkens Nødhjelp sitt kall er å kjempe mot naud og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, styrkjer lokalsamfunn og kjempar for rettferd – kvar dag.

Kom på Språk-kafé!

Ein til to torsdagar i månaden klokka 17.00 til 19.00 er Tunet fullt av store og små og praten går laust – men kanskje på eit språk du ikkje heilt forstår. Kanskje du vil bli kjent med heilt nye menneske? På språk-kafé kan alt skje – spel og underhaldning, mat og nye vennskap, leik og dans, kven veit?

Advents-språkkafé 4. desember

Før påske i 2026:

15. og 29. januar

12. og 26. februar

26. mars

VELKOMMEN!



Yulia, Deka, Ubah og Oleksandr på kjøkenet før ein av haustens språkkafeer i Tunet. (Foto: Ingrid Vik)

Bli med på FASTEAKSJONEN 2026!

**I lag med konfirmantane i
Os kyrkjelyd kan DU vere
med å samle inn pengar til**



KIRKENS NØDHJELP



SØNDAG 22. MARS
går vi frå dør til dør!

VIL DU VERE MED PÅ DUGNADEN?
Ta kontakt med oss!

MISJONSBASAR FOR NMS I TUNET

Misjonsbasaren til inntekt for NMS 25.10.25 vart eit flott arrangement. Det kom mykje folk, og til saman fekk vi inn kr. 94.000,-!

Gevinst	Vinnar
Ipad	Sander v/ Solfrid Sandstaa
Bilete av Bente Haugland	Kjellaug og Reidar Fyllingsnes
Koffert	Hanne og Trygve Helgesen
Drill	Torbjørn Skjælaaen
Grytesett	Jan Tore Øvredal
Glasskunst	Reidun Nylund
Strikketeippe	Britt Reidun Storlid
Strikka damegenser	Magnus Eikeland
Gåvekort frå Capri kr. 800,-	Kirsti Kvåle
HH bag 50L	Jan Tore Kundsén
Gåvekort frå Mester Grønn kr. 500,-	Signe Hodneland
Lego	Kjellaug og Reidar Fyllingsnes
Turkniv	Liv Beate og Kristoffer Birkeland
Spel	Ruth Wenche Søfteland
Velværepakke	Else Ekerhovd
Barneleike	Reidun Måkestad
Strikka barnekjole og dukke m/kjole	Marta og Nils Sørbo
Dunpledd	Anne Karin Rudjord Unneland
Veske m/drikkeflaske + strikkepakke	Arngunn Haga
2 Lysestaker i glass	Kari Olsen

Gratulerer til vinnarane! Tusen takk til alle som kom med gevinstar, kjøpte lodd og bidrog på ulike måtar til det flotte resultatet!

Basarkomiteen for NMS i Os

Napp ut og
heng opp!

Os kyrkjelyd Vinterkalender

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	T ORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
29 Nyttårsjazz-konsert <i>Tunet 19.00</i>	30	31 Nyttårsaftan  <i>Os 16.00</i>	1 Nyttårsdag  <i>januar</i>	2	3 Julefest Nore Neset 16.30	4  <i>Os 11.15</i>
5 Speidaren	6 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage	7 Strikk til Tunet	8 Babysong <i>Nore Neset</i>	9 KRIK <i>Os Aktiv</i>	10	11  <i>Os 11:00</i> <i>NN 11:00</i> Høgtlesing frå Bibelen <i>Nore Neset</i>
12 Speidaren	13 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	14 Strikk til Tunet JoinUs	15 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia Språkkafé	16 KRIK <i>Os Aktiv</i> Klubben	17 Triokonsert <i>Nore Neset 18.00</i>	18  <i>Os 11:00</i> MiLK Pizza & Bibel
19 Speidaren	20 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	21  Strikk til Tunet JoinUs	22 Babysong <i>Nore Neset</i> K røllesamling 2-åringar KOReDu ShubaDubs	23 KRIK <i>Os Aktiv</i>	24	25  <i>Os 11.00</i>  <i>NN 19.00</i>
26 Speidaren	27 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	28 Strikk til Tunet JoinUs	29 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDu Tweens Språkkafé	30 KRIK <i>Os Aktiv</i> Klubben	31	1  <i>Os 10.00 + 11.15</i> Høgtlesing frå Bibelen <i>Nore Neset</i> <i>februar</i>
2 Speidaren	3 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	4 Strikk til Tunet JoinUs	5 Babysong <i>Nore Neset</i> KOReDU ShubaDubs	6  KRIK <i>Os Aktiv</i>	7 Tårnagent-helg for 3.trinn <i>Os kyrkje</i>	8  <i>Os 11.00</i>  <i>NN 19.00</i>
9 Speidaren	10 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	11 Strikk til Tunet JoinUs	12 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDu Tweens Språkkafé	13 KRIK <i>Os Aktiv</i> Klubben	14 Strikkebasar til Tunet	15  <i>Os 11.00</i> MiLK Pizza & Bibel Konsert <i>Nore Neset 18.00</i>
16 Speidaren	17 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	18 Strikk til Tunet JoinUs	19 Babysong <i>Nore Neset</i> KOReDU ShubaDubs	20 KRIK <i>Os Aktiv</i>	21  Høgtlesing frå Bibelen <i>Nore Neset</i>	22  <i>NN 11.00</i>
23 <i>Vinterferie i skulen</i>	24	25	26 Senior-Koinonia Språkkafé	27	28	1  <i>Os 11.00</i> <i>mars</i>
2 Speidaren	3 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	4 Strikk til Tunet JoinUs	5 Babysong <i>Nore Neset</i> KOReDU ShubaDubs	6 KRIK <i>Os Aktiv</i> Klubben	7	8  <i>Os 10.00 + 11.15</i>  <i>NN 11.00</i>
9 Speidaren	10 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	11 Strikk til Tunet JoinUs	12 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDu Tweens	13 KRIK <i>Os Aktiv</i>	14	15  <i>Os 11.00 (søndagssamlings- gudsteneste)</i> MiLK Pizza & Bibel Høgtlesing frå Bibelen <i>Nore Neset</i>
16 Speidaren	17 Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Open barnehage Babysong <i>Tunet</i>	18 Strikk til Tunet JoinUs	19 Babysong <i>Nore Neset</i> KOReDU ShubaDubs	20 KRIK <i>Os Aktiv</i> Jazzkonsert Baker Hansen	21	22  <i>Os 11.00</i>  <i>NN 11.00</i> <i>Fasteaksjonen 2026</i>
23 Speidaren	24 Open barnehage Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Opplev påsken <i>Os kyrkje</i>	25 Strikk til Tunet JoinUs	26 Babysong <i>Nore Neset</i> Senior-Koinonia KOReDu Tweens Språkkafé	27 Klubben KRIK <i>Os Aktiv</i>	28	29 Palmesøndag  <i>Os 11.00</i>
30 <i>Påskeferie i skulen</i>	31	1 <i>april</i> Strikk til Tunet JoinUs	2 Skjærtorsdag  <i>Luranetunet 11.00</i>  <i>NN 19.00 med kveldsmat</i>	3 Langfredag  <i>Os 12.00</i> <i>(Pasjonsgudsteneste)</i>	4	5 1. Påskedag  <i>Os 11.00</i> 

Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida kyrkja.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!



Det viktigste stedet i Norge er Bjørnafjorden

Eiendomsmegler Vest og Sørmeqleren er nå Eiendomsmegler Norge. Sammen skal vi bygge Norges beste eiendomsmegler.

Og for oss vil Norges viktigste stedet alltid være der vi jobber. Stedet der du bor.

Skal du selge eiendom? Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.



Daniel Røksund
Tlf.: 938 26 432
daniel.roksund
@emvest.no



Arild Lothe
Tlf.: 412 66 620
arild.lothe
@emvest.no



Vidar Haugland Hjertaas
Tlf.: 483 45 118
vidar.hjertaas
@emvest.no



Pål Huun Monsen
Tlf.: 952 65 865
pal.monsen
@emvest.no



emnorge.no

Misjon i 2025?

I dette nummeret av kyrkjebladet kan vi mellom anna lesa om kyrkjelydens misjonsprosjekt og venskapskyrkjelydar. Det er vel og bra med venskap i andre land, men misjon? Er det noko vi skal driva med i 2025? Då vil eg spørja at- tende: Kva er eigentleg misjon?

Misjon handlar i 2025 om det same som då eg reiste ut som misjonær til England i 2009, som då Det norske Misjons- selskap blei stifta i 1842, som då dei greske brørne Kyrillos og Methodios reiste og forkynte evangeliet bland slaviske stammar i Mellom-Europa på 800-talet, som då Paulus reiste på sine misjonsreiser som vi kan lesa om i Apostelgjerningane i Bibelen. Ja, det er det same som då Jesus først ga læresveinane sine oppdraget (misjonen): *Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei i namnet år Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halde alt eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står* (Matteus 28, 18-20). "Alle folkeslag" kan òg bli oversett til "alle slags folk".

Evangeliet er for alle folk, og det er kyrkja som har fått oppdraget å formidle det vidare frå generasjon til generasjon, frå kultur til kultur, frå aust til vest, vest til sør, sør til nord. Og ja, ikkje all misjonsverksemd har vore like klok. Mykje av det som har vore gjort har ført til sår for enkelt- menneske som skulle vore sett på ein annan måte. Det handlar både om misjonær barn og menneske som har fått kulturen sin endra eller i verste fall utradert.

Men til trass for feil som er gjort i misjonshistoria, så har det blitt gjort, og blir gjort mykje godt gjennom misjon. Vi kan t.d. lesa om arbeidet Garden of Eden driv i Kiber- aslumen, om to ganske nye kyrkjelydar i den evange- lisk-lutherske kyrkja i Estland og om ungdomspastor Andy i Barrow-in-Furness som har utdanna seg til prest for å kunne gje sakramenta dåp og nattverd til ungdomane han møter. For dei vil ikkje nødvendigvis nærma seg ei tradis- jonell kyrkje.

Sokneprestens hjørne

Både i Kenya, Estland og England handlar misjonen om å gje mennesket det håpet evangeliet om Jesus gjer oss. Når engelen kjem til gjetarane på Betlehemsmarka i jule- evangeliet kjem han med budskap om håp:

Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede for heile folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Den salva, Herren (Lukas 2, 10-11). Og englekoret svarar, slik vi gjer på alle gudstenestene våre: *Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menne- ske Gud har glede i* (Lukas 2, 14)

Vi har ein Gud som bøyer oss ned til oss gjennom Jesus som kom til verda. Det er budskapen frå juleevangeliet Både i Kenya, Estland og England, som her heime hos oss i Noreg og Os møter Jesus oss med nåde og fred. Å gje den budskapen vidare til alle slags folk og i 2025, i Ken- ya, i Estland, England og her heime. Å gje menneske håp, verdigheit og trua at dei er elska og frigjord (eller frelst om du vil) av Gud, det er misjon, og som vi syng i ein av misjonssalmane våre:

Gå og lær dem! Det var budet dødens overvinner gav

Stående er Herrens ordre til hans venner nå som da

Del med dem som går i mørke alt hva Kristus har å gi

Bring Guds ord til hele verden! Bare det kan gjøre fri

(vers tre av "Rop det ut med hjertets jubel", Norsk salmebok nr. 695)



Roar Hallesby Evjedal
Sokneprest i Os

Innsamla offergåver sidan 06.07.25

Dato	Takkoffer til	Beløp
06.07.25	VID vitskaplege høgskule	kr 5 535,-
13.07.25	Eigen kyrkjelyd	kr 4 203,-
27.07.25	Tunet	kr 3 397,-
03.08.25	Misjonsprosjekta i kyrkjelyden	kr 7 136,-
10.08.25	Bibelskolen i Grimstad	kr 6 746,-
17.08.25	Himalpartner	kr 4 826,-
24.08.25	Eigen kyrkjelyd	kr 5 240,-
31.08.25	Tunet	kr 9 058,-
07.09.25	KRIK - Kristen Idrettskontakt	kr 2 665,-
14.09.25	Misjonsprosjekta i kyrkjelyden	kr 8 752,-
21.09.25	Blå Kors i Norge	kr 5 963,-
28.09.25	Os KFUK/M-Speidarane	kr 9 385,-
05.10.25	Tunet	kr 7 559,-
12.10.25	TV-aksjonen	kr 3 226,-
19.10.25	Kongshaug Musikkgymnas	kr 25 213,-
26.10.25	Eigen kyrkjelyd	kr 5 037,-

Takk for gåvene!

Hjelp barn i hjem med rus

90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!



Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på
Vipps 936679





Arbeidsdagar på Nore Neset

Det er eit solid stykkje arbeid som utførast på Nore Neset kyrkjegard i desse dagar.

Anleggsarbeidet tek ein planlagt pause og alle maskinar står i ro medan bisettingsseremonien pågår inne i kyrkja. Å fylle i steinmasser og drive grovt gravearbeid er ikkje heilt det same ved ei kyrkje i full drift. Men så snart kyrkja er tom att, fortset prosjektet. Borte er den etterkvart attgrodde dammen, og trebrua som viste aldringsteikn og trong tilsyn. Her blir det fleire hundre nye plassar til urnegraver, samt minnelund med namneskilt på felles steinmonument - såkalla namna minnelund. Med investeringsmiddel frå

kommunen har ein i Nore Neset kyrkje sitt 25. år fått utvida kapasiteten slik at fleire nye generasjonar norenesingar kan minnast sine kjære på denne staden.

Kyrkja jubilerer fyrste søndag i advent i år, og innan dette skal grovarbeidet vere gjort. Oppå dei nye jordmassane som er lagt skal det plantast og såast til våren. Den vakre naturen på Nore Neset skal få prege det som veks og gror òg på kyrkjegarden.

Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit



Nettside
kyrkja.no/bjornafjorden

Kontakt
Tlf: 56 57 24 00 | E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

Fellesrådsleiar
Lars Erik Dalland
E-post: ledalland@gmail.com

Fungerande kyrkjevevje (2025)
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kyrkjevevje frå 1.1.2026
Jon Håkon Øen
E-post: jo633@kyrkja.no

OPPSTARTSPRAT

MARIUS, KYRKJETENAR/GRAVPLASSARBEIDAR

Marius Dale Romslo kom inn som vikar i driftsavdelinga i november, og skal fram mot sommaren vere med både på seremonier i kyrkjene som kyrkjetenar, og ute på gravplassane våre.

Velkommen til oss, Marius! Du er kanskje ny i kyrkjelyden, men ikkje ny i Os?
Det stemmer! Eg har eit godt forhold til Os etter over 10 år som kordirigent for mellom anna Os kammerkor og Os mannskor. Men eg held altså til på Garnes, der eg bur med kone og tre ungdommar i hus.

Kordireksjon, det kan fort koma til nytte i ei kyrkjelyd! Kva gler du deg til i den nye jobben?
Ja, kanskje det blir noko musikalsk eg kan bidra på òg etter kvart! Men hovuddelen av jobben som kyrkjetenar er å legge til rette i kyrkja og møte folk på ein god måte. Det synest eg blir ei spennande rolle. I tidlegare jobbar har eg samarbeidd mykje med frivillige, mellom anna som fagsjef for frivilligheit i Stiftelsen Norsk Luftambulans. Og eg veit at det skjer mykje godt frivillig arbeid i kyrkja, så det blir kjekt å bli betre kjent med. Dessutan blir det fint med ein litt meir praktisk og fysisk jobb ute på gravplassane, etter mange år med mykje kontortid... Eg synes eg det heile teke har ei spennande og variert arbeidsveke her!

Det er bra! Kva gjer du for å koble av?
Eg er utdanna songar og setter meg gjerne ved pianoet heime når eg kan. Eg er òg dirigent i for Unnelandskoret i Arna. Så det går mykje i musikk.

Til slutt, ein klassikar: Kan du skildre deg sjølv med tre ord?
Då går eg for låge skuldre, sosial og ein problemløysar.



JON HÅKON, KYRKJEVEVJE

Jon Håkon Øen tiltre som kyrkjevevje i Bjørnafjorden frå nyttår. Han sit i soknerådet og har òg vore fellesrådsleiar her i kommunen i forrige periode. No blir han altså kyrkja i Bjørnafjorden sin administrative leiar.



Hei Jon Håkon! Kan du fortelje litt om deg sjølv?
Eg er opprinneleg frå Geilo, men har budd på Nore Neset sidan 2018. Gift med vestlendingen Gunnbjørg, så det var vel aldri tvil om kvar vi kom til å hamne... To søner i tweens-alder. Eg er faktisk ordinert prest, og var feltprest i Forsvaret, men eg har ikkje jobba som prest seinare. No kjem eg frå arbeid i Hovudorganisasjonen KA, så eg har arbeidd med kyrkjeleg sektor frå anna hald. Tidlegare har eg mellom anna jobba i fleire misjonsorganisasjonar, før eg vart rådgjevar for KrF på Stortinget. Det vart 13 utruleg spennande år tett på politikken, mellom anna med stat-kyrkje-forliket. Eg har òg vore på UiB som myndigheitskontakt.

Spennande jobb-erfaring! Kva gjer du helst når du har fri?
Eg er glad i å lese bøker, sjå serier, gå tur og vere sosial. Og så har eg opp gjennom åra vore glad i gaming, så det kobler eg òg av med i blant. Det er kanskje ikkje så mange menn i 50-åra som er hekta på Lego heller, men der har du meg!

Kva ser du fram til i den nye jobben?
Framfor alt gler eg meg til å samarbeide med gode og dyktige kolleger, for dei er det mange av i staben i Bjørnafjorden. Kyrkjevevje-rolla har røter tilbake til 1100-talet, så ein står jo i ein lang og viktig tradisjon for å ta vare på kyrkjebygg og gravplassar, ikkje berre her og no, men òg for komande generasjonar. Dette er bygg og minnesmerke som er viktige for folk, uansett kva dei trur på.

Velkomen til både Marius og Jon Håkon! Vi er glade for å få dykk med på laget!

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit



OPPLEV PÅSKEN!



Tysdag 24.mars i Os kyrkje

5-åringane blir inviterte til påskevandringa "Opplev påsken" i Os kyrkje!
Bli med på vandring i kyrkjerommet der du kan vaske føtene, sita i Getsemane-hagen og oppdage det som skjedde i påskeveka!

**Hald av datoen,
meir informasjon kjem!**

Salmeskatten

Julesalme frå Fjellheimen

T Jimmy Øvredal / M Norvald Kobbeltvedt

1 I mørke desemberkvelden
når myldrande stjerner rår,
då skin ho på himmelkvelven
julekveldestjerna vår.
Ho skin for vår store meister
som føddest ein julekveld.
Alle som løftar blikket,
vert merkte av meisterens eld.

2 Eg løfter mitt blikk mot fjella
dei julpynta trauste grå,
og spør meg som gamle David
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
Og fjella gjev svar attende
i lydlause sterke ord:
Hjelpe mi kjem frå Herren,
som skapte vår himmel og jord.

3 So bed eg i julenatta,
med tru på usynleg makt,
om fred for de minste, veike,
dei som har englevakt.
Gje dei den same krafta,
den du har gjeve meg.
Lyft deira blikk mot fjella
og styrk dei i trua på deg.

4 Og under dei kalde stjerner
den heilage julenatt
stig songen frå slott og hytte:
Herre kom til oss att!
Og fjella dei trauste, stille,
gjev svar ifrå Meistermunn:
Sjå eg er med dykk alle,
frå dåpen til livskveldens blund.

Julesalme frå fjellheimen er ein av dei flotte lokale salmane våre, skriven til Os Mannskor i 2007, med tekst av Jimmy Øvredal og melodi av Norvald Kobbeltvedt. I 2024 song vi denne lokale salmen i adventstida og på julaften i Os kyrkje og i Nore Neset kyrkje.

Salmen flettar julebodskapen vakkert inn i fjellandskapet. Julekveldestjerna på himmelen skin for den store Meister. Det vesle barnet i krubba som kom julenatta med frelse til oss alle. Den tredje strofa er ei bøn om fred for dei minste, at dei òg skal få lyfta blikket mot fjella og finne styrke i trua. Salmen gjev oss ei kjensle av nærleik til både Gud og naturen, og endar så vakkert med underet som skjer julenatta – Herren som kjem til oss alle og vil vere med heile livet.



Anna Cecilie Norlund Oksavik
Organist

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPlass & MISJON



**Her finn du det meste
- til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spennande butikk i
Irisgården, vis à vis Extra. Tlf. 40 44 54 21

Vi treng fleire
medarbeidarar til eit
hyggeleg arbeidsmiljø!
Ta kontakt ved interesse!

MILJØ MØTEPlass MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"

Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk Os?

- Liker du å møte menneske?
- Har du nokre timar til overs kvar eller annan kvar veke?
- Ønskjer du å vera med i eit triveleg fellesskap?

Ta kontakt med
Eirik Norheim (97 19 19 21) eller
ein av medarbeidarane i butikken!

KONSERTAR

Vi held fram med månadlege konsertar
under tittelen "Musikk i kyrkja"

Laurdag 17. januar kl. 18

Nore Neset kyrkje

Pavel Girunyan, klarinett
Mads Oliver Hamberg, cello
Irina Tarasova, piano

Søndag 15. februar kl. 18

Nore Neset kyrkje

Berit Hella Lindberg, fløyte

Fredag 20. mars kl. 19

Storsalen, Tuset

Jazzkonsert med Baker Hansen



Irina Tarasova
Kantor
E-post: it698@kyrkja.no

SOLIDARITETSKONSERT

I OS KYRKJE

TORS DAG 18.12.25 KL 19.30

MUSIKK AV

- ANNA NESET
- JAN HAALAND
- TETIANA ROMANYUK
- JON HÆGLAND
- VICTORIA BAKKA
- JANIE LAUPSA
- OS MANNSKOR
- EIRIK SØFTELAND

Konferansier Karl Ole Midtbo
Appell frå Steinar Birkeland

KONSERTEN ER GRATIS, INNSAMLAR PENGAR
GÅR TIL STØTTE TIL NRC
FLYKTNINGHJELPEN

VIPPS
778490

Tekst og lyd av Arhur Håkon Botnevik og Nils Midsteter
Arrangør Os Kulturtutvikling, Os Kyrkjelyd, Galleri Solbakkestova

Fasade • Ventilasjon • Taktekking • Blikkenslagerarbeid

I.BJØRØ
KOBBER & BLIKK

- ETAB 1902 -

www.bjoroblikk.no

post@bjoroblikk.no

56 300 481

Kolskogheiane 2, 5210 Os

Ein dag der Tunet verkeleg kjem til sin rett som møteplass og samling-spunkt for kyrkjelyden og bygda.



Svært populært med ansiktsmåling hjå dei dyktige jentene i Eldstova.

KOReDu hadde ein travel helg med oppdrag både på julemessa og visitasgudstenesten. (Foto: Ine Sofie Moen)



Takk!

Sjòlv om det skjer mykje i Tunet året rundt, er det få dagar som er som julemesse-laurdagen. Huset er fullt av menneske som stiller opp for å få dette showet på vegen. Men så er det ikkje berre show, det er fellesskap, glede, arbeid mot eit felles mål - godt barne- og ungdomsarbeid i kyrkja vår. I kulissane står oppofrande og engasjerte frivillige, soknerådsmedlemmar, barn og vaksne som står på, mange av dei har vore med år etter år. Dette gjer oss audmjuke og takksame for å vera ein del av ein slik dugnadsgjeng. No kan advent berre koma - og vi sjåast att neste år!

Tekst og foto:
Sigurd R. Tunestveit



Martin forklarar korleis ein skal få lurt snopet ut av spelmaskina frå Lille ballong.

JULEMESSE

LAURDAG 22. NOVEMBER

Tradisjonen tru vart det julemesse i Tunet i år òg. Breiddfullt av folk, årer og gevinstar, smil og musikk - slik opnar vi adventstida i Os kyrkjelyd!

Før opning

Ein etter ein kjem dei inn dørene tidleg laurdagsmorgon. Ja, ein del har vore her fredag, òg. Planlagt. Rigga. Pynta. Dei siste vekene har det vore mykje som skulle på plass. Loddbøkene er utseld og innlevert. Programvertinne Christine sjekker lyden i lag med tekniskar Arthur Håkon. Frivilligkoordinator Ine gir dei siste beskjedane til soknerådsmedlemmar om kva post dei har fått. Endeleg opnar dørene, og inn kjem kyrkjelyden - naboen, småbarnsfamilien, dei som kjem i kyrkja kvar søndag og dei som sjeldan er å sjå, dei gamle venene, og dei nye venene som du kanskje får nett denne dagen. Og i lag med folka kjem òg adventsstemninga. No kan festen byrje!

Åresal og vaflar

Kor mange årer skal du ha? Dei må i alle fall leggst sirleg på rekkje på bordet, med plass til kaffien og ein vaffel. Er det nok graut? Nei, vi må visst ha meir neste år. Meir vaflar! Men no skal KOReDu synge frå scena - eller er det JoinUs som står for tur? I Eldstova kan du kjøpe med deg bakst og nydelege julegåver til deg sjòlv eller andre, og få pynta deg med ansiktsmåling. Har du vore ute i gangen og prøvd å snurre lykkehjulet eller tombolaen? Skal tru kor mange Nonstop det er i dette glaset? Det er vel fleire enn i marsh-mellows-glaset, i alle fall? Kva trur du?



Unge David prøver lykken på tombolaen hjå Knut.

VINNARAR AV BOKLOTTERIET

Gevinst	Vinnar
2 Laurdagsbilletter til Øyafest 2026	Harald Evjedal
Grytesett med 3 delar frå Jernia Sælen	Solfrid Forstrønen
JBL Charge 5 høgtalar	Johannes Bjådal
Juniorsykkkel 1	Åsa Rosvold
Juniorsykkkel 2	Anna Torhild Rotvik
Barnesykkkel 1	Einar Haugland
Barnesykkkel 2	Eirik og Mia Nordheim
Lego City «Politiets fengseløy»	Arion Johannesen
Gåvekurv frå Osøyro Kolonial	Wenche og Agnar Torsvik
Gåvekort på 1000 kr hos Os Blomsterservice	Eva Britt Andreassen
Kaffemaskin frå Elkjøp Os + kopper	Randi Rosnes
2 billetter til «Pubkoret syng jula inn» i Oseana	Annika Johansen
2 billetter til Den Nationale Scene	Even Tveit Leknessund
2 billetter til BFO sine torsdagskonsertar	Elin Moberg
Gåvekort på 500 kr frå T. Moberg sko	Astrid Wallem Hagen
Gåvekort på 500 kr frå T. Moberg sko	Jenny O. Ulveset
Gåvekort på 500 kr frå T. Moberg sko	Magne Halland
Handbrodert juleduk av Lill-Karin Wallem	Eli og Kjell Barman
Gåvekort på 500 kr frå Rema 1000 Moberg	Karina Hjellev Sjøfteland
Dukke med klede	Marte H. Askeland
Spill: Lysduellen	Karoline Hjellev
Hengekøye	Lena Drange Nesland
Akvarellbilde av malt av Arne Mæland	Torill Blindheim
Nydelig strikkagenser av Wenche Torsvik	Ivar August Bye
Nydelig strikkagenser av Yvonne Remes	Ragnhild S. Hansen
DAB-radio	Rikke Bang
Konfekt og blomster	Patrick Dahl

Gratulerer til vinnarane! Tusen takk til alle som kom med gevinstar, kjøpte lodd og bidrog på ulike måtar til dagen. Resultatet er ikkje endeleg klart, men vi kan alt no seie at det har kome inn over 170.000 kroner, og overskotet er av stor tyding for barne- og ungdomsarbeidet vårt i året som kjem.

Stor takk til gode bidrag frå:
Elkjøp Os
Oseana
Rema 1000 Moberg
Lill-Karin Wallem
Wenche Torsvik
Yvonne Remes
KOReDu
Senior-Koinonia
ShubaDubs
Speidaren
Ungdomstunet

Vil du vere ein del av teamet som lagar julemesse neste år? Ta kontakt!

Julemessekomiteen i Os kyrkjelyd

STOR TAKK TIL VÅRE SPONSORAR!



STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no

FERDIGHUS
TRELAST OG BYGGEVARER
DRANGE BRUK AS

Drangsvegen 345
5215 Lysekloster
Tlf. 56 57 00 50
post@drangebruk.no

GRAVMINNER
Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyer / Oppussing

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
TLF. 55 98 70 00

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os
Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | **www.verden.no**

Elektro-Design AS
AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

KVALITET!
Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
Tlf. 56 30 44 90

JERNIA
www.jernia.no

OS HAGESERVICE
alt innen hage

Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no

DRENERING • MURING • SPRENGING

BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

Di annonse HER?

Informasjon og prisar:
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00

DIAKONI

Å sette gullkant på livet

«Eg blir så glad når eg ser deg», syng vi i ei strofe. «Godt å sjå deg» seier vi gjerne i forbifarta til en gamal venn, ein kollega eller eit familiemedlem vi ikkje har sett på ei stund. Vi uttrykker gjerne bekrefting på ulike måtar, og legg trykk, tonefall og mimikk i orda på ulikt vis når vi møter kvarandre, anten det er ein venn eller venninne som vi ser til dagleg, en som slit, eller vi vender oss til ein nabo i forbifarta. Det er ikkje alltid mange minuttene som skal til for å vise at vi ser eit anna menneske, og på den måten viser at vi bryr oss. Somme gonger kan ein som seier «hei» snu dagen til ein som har ein tøff dag.

Vi er ikkje alltid like medviten måten vi kommuniserar på, men våre verdiar styrer ofte våre handlingar. Difor er det lurt iblant å stoppe opp og tenke over våre verdiar, og pusse støv av dei så vi kan hjelpe kvarandre å sette omsorg ut i handling. For omsorg og kjærleik er verdiar dei fleste ynskjer å vise uansett. Det er ikkje noko vi kun må profesjonalisere, da kan vi bli fattige.

Det er ikkje forska så mykje på vennskap, og det er skrive lite bøker om. Då eg var innom Bergen offentlige bibliotek for å finne bøker om vennskap var det kun tre bøker å spore, og då innan etikk, krisepsykologi og den nyaste boka *Vennskap for voksne* som var å finne under sosialpsykologi.

I Bibelen kan vi finne skildringar om sterke og gode vennskap som er verd å lesa, og annan litteratur skildrer òg vennskap på ulike måtar. Eit døme frå Bibelen er vennskapet mellom gjetergutten David og kongesonen Jonatan i 1. Samuels bok. Ei sterk historie om to som knytte vennskapsband. Gud sjølv omtalte Abraham som «min venn» og han delte sine tankar og planer med han. Jesus kallar òg læresveinane sine for venner, og har på ulike måtar vist oss alle gjennom sitt ord og sine handlingar kjærleikens veg. Jesus kaller òg seg sjølv for Vegen. I Bibelen er det òg mykje visdom og kvardagsglede å spore. Gjennom heile Bibelens 66 bøker får vi både historier om vennskap og hjelp til å vera ein god venn og eit godt medmenneske. Vennene til han med bårå som vart firt ned gjennom taket i Det Nye Testamentet viser oss mot og handlekraft, og ein Jesus som tek dei imot. Dette er historia om den lamme mannen som vi finn i Markus 2.1-12.

Knut Olav Åmås som har skrive boka *Venner for livet*, meiner at kjærleik er kjerna i eit sterkt vennskap, og motsatt; vennskap er kjerna i sterk kjærleik.

Fem om dagen

Det er forska på at det å knyte relasjonar er viktig for helsa vår, saman med det å vera oppmerksam og til stades i augeblikket, vera aktiv og fortsette å læra. Det å gje eller bidra er òg med på å gje oss kvardagsglede. Dette er fem livskvalitetsfremmande aktiviteter som tek utgangspunkt i fellesmenneskelege behov som ofte kallast «kvardagsglede». Det er tilrådd med desse fem om dagen, på linje med frukt og grønt, for å få det vi treng for vår psykiske helse.



Vennskap er ofte vanskelegare å få i vaksen alder. Når ein flytter kan det òg for mange vera ei utfordring å få nye venner. Når nære døyr eller om ein kjem ny til eit anna land kan det òg vera krevande, men det er fortsatt like viktig for oss alle å både knyte band og gjerne halde på gode, gamle venner. Lat oss lage rom og plass i våre fellesskap! Her kjem nokre tips som kan vera med å styrke relasjonar:

5 tips som kan hjelpe oss til å bli ein betre lyttar:

1. Vis med ansiktsuttrykk at du er nysgjerrig på det den andre seier, og at du høyrer etter.
2. Lat den andre få snakke ut - ikkje avbryt.
3. Dersom det er noko du er usikker på, sjekk om du har forstått budskapet rett
4. Still oppfølgingsspørsmål, til dømes: Kva gjorde det med deg? Kva tenkte du då, kva skjedde?
5. Gje ein positiv respons til kva den andre har fortalt, til dømes at du er imponert, at det har måtte vore krevande, eller at du skjønner godt at det var kjekt, eller liknande. (Henta frå boka *Vennskap for voksne* av Frode Thuen og Malene Vilnes-Bakke)

Vi kan alle trene vår evne til å vera oppmerksam og nysgjerrig i nuet og leve oss inn i andre sin situasjon. Å vera der for kvarandre og lytte er gull. Kanskje medan ein går eller svømmer ein tur og er aktiv? Eller berre sit der og ser ut i lufta saman? Vi har mykje å læra av kvarandre, og vi har alle noko å bidra med i fellesskapet. Lat oss støtte kvarandre i dette. Om det er sol eller regn, om du er glad eller lei deg. Vennskap er viktig, og vi treng kvarandre. Du er gull verd!

«Det du vel å gjere for din venn, kan sette ein gullkant på livet, og gjere dagane gode.»
(frå *Så godt å se deg! Å være venn i krisetider* av Cesilie Tand-erø)

Det er godt å bli sett, godt å bli sett for den ein er, og godt å kunne vera seg sjølv.



Tekst og foto:

Ingrid Vik
Diakon
E-post: iv588@kyrkja.no



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong?
Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



FARGELEGG




Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00

PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



KJÆRE LESAR!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får skattefrådrag for gaver inntil 25.000 kroner i året til gode formål. Teiknar du deg som fast gjevar blir dette automatisk registrert om du oppgir personinformasjon. No kan du òg bli fast gjevar med få tastetrykk via Vipps!

Bli med å byggje lokalkyrkja ved å gje ei gåve eller bli fast gjevar til Os kyrkjelyd - det kjem mange til gode!



PÅ VEGNE AV ALLE I KYRKJA: TUSEN TAKK!

Møte
Merkedag
Minnesamvær

Leig lokale i TUNET!

Informasjon og prisar får du ved å ta kontakt på post.os@kyrkja.no eller telefon 56 57 24 00



Frå kyrkjebøkene



Døyp

Velkommen i kyrkjelyden!



Vigde

Gratulerer med kjærleiken!

- 3. august**
Phillip Røstøen Rynning
Noah Larsen Quigley

10. august
Samson Steend-Bogevik
Emrik Laupsa-Askvik

17. august
Sigrid Aase Bergesen
Sofie Jensen Havsgård
Idun Son
Ingrid Hanstveit Bjørnarøy
Filip Kvamme-Nevland
Thale Råheim Hoel

24. august
William Kyte Walden
Leonard Spjeld Midtsæter
Saga Sleen Haga

31. august
Amalie Hjelle Hopland
Even Hjelle Halhjem
Sander Oen Knudsen
Hedda Eimhjellen Jarning

7. september
Ella Kolskogen Aasen
Hedda Eikaas Hjelle
Tomine Røttingen

14. september
Andreas Tønder Dale
Asta Lien Hinderaker
Theo Romano-Bråtå
Mikael Nicolaisen Arnesen

21. september
Max Saron Johannessen
Lilja Ekse Wold
Olai Tveit
- 28. september**
Aurora Flesland Eriksen
Hermine Vassbotn
Savannah Fjellanger Wiers

5. oktober
Falk Sørstrønen Tysseland
Erik Sælen Martinessen
Sivert Våge Espedal
Iben Hauge Ottosen
Theo Småbrekke Rabben
Lilly Olsen Kvittingen
Ellinor Hagen Linde
Josefine Skåtøy

12. oktober
Leah Sælensminde Moss

26. oktober
Adam Østervold
Severin Føreland Berg
Linus Vik-Fagerthun
Egil Thorsvik Størksen

2. november
Ulrik Herfindal Apelthun
Lilje Skåla Knutsen
Tuva Hestvik Midthun

9. november
Liam Aga Riise
Saga Kaland Mykkeltvedt
Malthe Davidsen Raa
Oline Heggland Bøe
Johannes Hollenstein
Alma Holthe
Magnus Folkestad-Nyhammer
Samuel Nåmdal

16. november
Noah Nystad Wold
Oda Tofte Tellevik
Vegard Woods Vindenes

- 9. august**
Aurora Hårtveit & Njård Håvar Dobson Fjelde

16. august
Synne Dragsjø Sørbøe & Tobias Dragsjø
Renate Nedregård & Halvor Hanevik

23. august
Liv Wallem Fosse & Bjørn Fosse

30. august
Karina Ekerhovd Kyrkjeteig & Henrik Mortensen Søfteland

6. september
Frida Hodneland Melvold & Marius Hodneland Melvold
Amalie Strønen Wilhelmsen & Marcus Sjøstrand Wilhelmsen
Anne Mari Flisram Liseth & Lasse Skaar Liseth

26. oktober
Kaja Sofie Thorsvik Størksen & Per Egil Brekke Størksen

15. november
Hilde Haugen Hjørnevik & Andre Olsen

RETTING

Ein feil sneik seg inn i førre nummer av kyrkjebladet!
Anne Kari Dale & Andreas Årvik stod då oppført som vigde -
dei er ikkje vigde endå.
Vi beklagar glippen!

DIGITAL PÅMELDING TIL VIGSEL

Sjekk ut nettsida vår for informasjon om vigsel i kyrkjene i Os og lenke til digital påmelding.



Døde

- Anne Kristine Hornes
08.03.1946-06.08.2025

Gunvor Kristine Engeseth
19.03.1937-09.08.2025

Kjell Breivik
23.08.1957-14.08.2025

Svein Bjørnsen
13.10.1937-16.08.2025

Inger-Christine Hellesøe Brekke
26.09.1940-21.08.2025

Renate Skjønhaug Rosendahl Heggland
29.03.1973-25.08.2025

Vibeke Marin Christensen
06.03.1992-26.08.2025

Peder Arne Nedrelid
08.03.1950-31.08.2025

Hanna Hansen
03.08.1939-11.09.2025

Torodd Sudmann Bolseth
31.10.1956-13.09.2025

Jørn Rekkum
24.06.1954-15.09.2025

Espen Bastiansen
08.07.1991-21.09.2025

Edel Johanna Haugland
04.09.1943-23.09.2025

Kjetil Einar Espetvedt
20.01.1956-25.09.2025

Tone Askvik
03.01.1947-28.09.2025

Unni Halsvik
21.04.1950-30.09.2025

Rolf Vidar Stiansen
18.09.1951-30.09.2025

John Nordstrønen
29.04.1926-02.10.2025
- Andreas Hamre Husebø
07.01.1988-09.10.2025

Ellen Aamold Rønningen
26.09.1958-09.10.2025

Kjell Bynes
20.12.1949-10.10.2025

Tordis Dorte Bakke
27.06.1934-15.10.2025

Audhild Karine Lundetræ
04.10.1941-17.10.2025

Einar Aadland
19.02.1945-19.10.2025

Olav Engevik
31.05.1945-24.10.2025

Ruth Risøen
16.05.1933-25.10.2025

Paul Eskedal
01.01.1947-26.10.2025

Elna Lovise Eidsvik
30.09.1930-27.10.2025

Valborg Fagerbakke
30.04.1930-30.10.2025

Oddbjørn Lunde
02.03.1950-30.10.2025

Marny Karin Lekven
15.07.1939-30.10.2025

Ingvald Lekven
08.10.1938-06.11.2025

Marry Konstanse Rogne
03.04.1934-01.11.2025

Henry Drange
13.09.1949-03.11.2025

Dagmar Hagen
23.06.1944-04.11.2025

Kvil i fred



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd

- Sokneprest**
Roar Hallesby Evjedal | 934 42 968 | re674@kyrkja.no

Kapellan
Jostein Enger | 975 01 273 | je886@kyrkja.no

Prostiprest
Svante Havåg | 922 47 639 | sh226@kyrkja.no

Dagleg leiar Os sokn
Sigurd Rotvik Tunestveit | 938 69 109 | st575@kyrkja.no

Kyrkjevevje Bjørnafjorden KF (frå 1.1.2026)
Jon Håkon Øen | jo633@kyrkja.no

Kantor
Irina Tarasova | it698@kyrkja.no

Organist
Anna Cecilie Norlund Oksavik | an785@kyrkja.no

Diakon
Ingrid Vik | 450 51 212 | iv588@kyrkja.no

Konsulent - utleige/resepsjon
Inger-Johanne Haugland | 457 13 710 | ih985@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/gravplassforvaltning
Monica Refsdahl | 456 52 830 | mr346@kyrkja.no

Konsulent/Frivilligkoordinator
Ine Sofie Moen | 984 06 111 | im763@kyrkja.no

Kateket
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
452 78 575 | gs234@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, barn og familiar
Sylvi Lundgren | 475 04 327 | sl828@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar
Kristine Fjeld | 414 26 859 | kf253@kyrkja.no

Ungdomsleiar
Harald Skoglund Dahler | 482 61 164 | hd973@kyrkja.no

Prosjektarbeidar "Opne møteplassar"
Idun Fjeld | 482 66 376 | if594@kyrkja.no

Driftsleiar
Kenneth Molland | km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren (permisjon)
Marius Dale Romslo
Linn Kjerstin Østgulen
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar
Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar
Marie Hallesby Evjedal






HEI TREDJEKLASSING!

Bli med på ein helg fylt med kodeknekking og mysterier! Vi må jobbe saman og bruke fleire sansar for å oppdage og løyse gåtene. Gjennom å løyse oppdrag skal vi utforske

kyrkjerommet, klokketårnet og kjellaren, finne symbol og høyre forteljingar frå Bibelen. Vi startar på laurdag ettermiddag/kveld, og er med å lage familiegudsteneste i Os kyrkje på søndagen.



Kan du hjelpe oss å løyse mysteriet?
Følg med - og hald av laurdag 7. og søndag 8. februar!

Os kyrkje			Nore Neset kyrkje		
07.12.25	11:00	Nattverd	07.12.25	11:00	Familiegudsteneste Messy Church. Dåp
10.12.25	19:00	Lysmesse	Julaftan	14:30	Gudsteneste
14.12.25	11:00	Dåp, Nattverd		16:00	Gudsteneste
21.12.25	17:00	Dåpsgudsteneste	28.12.25	11:00	Dåp
	18:15	Nine lessons and carols - tekstar og songar	11.01.26	11:00	Familiegudsteneste Dåp. Messy Church
Julaftan	13:30	Gudsteneste	25.01.26	19:00	Nattverd
	15:00	Gudsteneste	08.02.26	19:00	Nattverd
	16:30	Gudsteneste	22.02.26	11:00	Dåp, Nattverd
1. juledag	12:00	Høgtidsgudsteneste. Nattverd	08.03.26	11:00	Familiegudsteneste Messy Church
Nyttårsaftan	16:00	Nattverd	22.03.26	11:00	Dåp. Nattverd
04.01.26	11:15	Nattverd	02.04.26	19:00	Skjærtorsdag. Nattverd. Kveldsmat
11.01.26	11:00	Gudsteneste	Luranetunet		
18.01.26	11:00	Gudsteneste	Julaftan	11:00	Gudsteneste
25.01.26	11:00	Familiegudsteneste	02.04.26	11:00	Skjærtorsdag. Gudsteneste
01.02.26	10:00	Dåpsgudsteneste	Smievågen		
	11:15	Nattverd	06.04.26	12:00	2. Påskedag. Friluftsgudsteneste
08.02.26	11:00	Familiegudsteneste m/"Tårnagenter". Dåp			
15.02.26	11:00	Dåp, Nattverd			
01.03.26	11:00	Dåp, Nattverd			
08.03.26	10:00	Dåpsgudsteneste			
	11:15	Nattverd			
15.03.26	11:00	Søndagssamlingsgudsteneste. Dåp			
22.03.26	11:00	Nattverd			
29.03.26	11:00	Palmesøndag. Familiegudsteneste. Dåp.			
03.04.26	12:00	Langfredag. Pasjonsgudsteneste			
1. påskedag	11:00	Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd			

**Hald deg oppdatert på
kyrkja.no/os**

**Følg oss gjerne på Facebook:
Os kyrkjelyd**